



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding 2017

Fylkesrådet for eldre



Innhold

Rolle og funksjon i valperioden 2015 – 2019	2
Handlingsprogram 2016 – 2019	2
Aktivitetsåret 2017	2
Deltaking i andre råd, utval, kurs og konferansar	5
Vedlegg – uttalar frå fylkesrådet for eldre	6
Innspel til regional transportplan	6
Innspel til økonomiplanen 2018 - 2021	7
Høyringsuttale til Naustdal kommune om forskrift om rett til sjukeheimslass	7
Høyringsuttale til Gaular kommune om forskrift om rett til opphold i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskild tilrettelagt for heildøgnstenester	8
Uttale om manglende gateadresser i Sogndal kommune	8
Opprop til stortingsbenken for Sogn og Fjordane om nettleige	8
Uttale om pasientens legemiddelliste	8
Innspel til planlegging av rutetilbodet frå 25. juni 2018	9
Aldersgrense for kreftbehandling	9
Uttale til fylkestannlegen	9
Høyringsuttale til handlingsplan for trafikktrygging	10
Høyringsuttale til regional plan for kultur	10
Uttale frå dei tre fylkeseldreråda i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland om tannhelse	11

*På nasjonalt nivå utgjer eldre over 65 år
nesten 17 prosent av befolkninga – og både
talet og andelen eldre forventast å auke
fram mot 2040. I 2040 vil det, vere meir
enn 1,4 millionar som er i denne
aldersgruppa i Norge.*

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Rolle og funksjon i valperioden 2015–2019

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen i saker som vedkjem dei eldre. Fylkesrådet for eldre skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekår for eldre. Rådet kan òg på eige initiativ ta tak i saker som eldrerådet meiner bør setjast på dagsorden. I møte i fylkesutvalet 4. november 2015 i sak 109/15: Val av medlemer til nemnder o.a. vart følgjande valt for perioden 2015 – 2019:

Medlem: Henrik Oppen (Ap)

Varamedlem: Gunn Åmdal Mongstad (Sp)

Medlem: Anna Sofia Skaar (Pensjonistforbundet)

Varamedlem: Kolbjørn Kastet (Pensjonistforbundet)

Medlem: Harald Ekroll (Postpensjonistane)

Varamedlem: Arne Rognaldsen (Postpensjonistane)

Medlem: Kristoffer Skjolden (Pensjonistutvalet i Fagforbundet)

Varamedlem: Astrid Martinsen (Pensjonistutvalet i Fagforbundet)

Medlem: Aud Karin Netland (Utdanningsforbundet)

Varamedlem: Per-Atle Holmøyvik (Utdanningsforbundet)

Fylkesrådet for eldre konstituerte seg sjølve i møte 2. februar 2016:

Harald Ekroll - leiar

Anna Sofia Skaar - nestleiar

Fylkeskommunale og kommunale eldreråd er lovpålagt gjennom *Lov om eldreråd i fylkeskommunar og kommunar av 8. november 1991*. Lova vart sist endra 15. juni 2007. Meir detaljar om lova finn de her: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1991-11-08-76>

Handlingsprogram 2016–2019

Fylkesrådet for eldre starta på arbeidet i 2016 med å utarbeide ein handlingsplan for perioden 2016 – 2019. Handlingsprogrammet var ferdig første kvartal 2017.

Handlingsprogrammet er lagt ut på heimesida til Sogn og Fjordane fylkeskommune her:
[Handlingsprogram fylkesrådet for eldre 2016 - 2019](#)

Aktivitetsåret 2017

Fylkesrådet for eldre gjennomførte 4 rådsmøter og handsama 14 saker i 2017. I desse rådsmøta vart det i tillegg drøfta relevante problemstillingar og handsama til saman 35 skriv og meldingar.

Fylkesrådet for eldre har i staden for ein stor fylkeskonferanse vilt å ta opp ulike tema i avgrensa område i fylket.


7. februar hadde fylkesrådet foreldre sitt møte i Førde, der Annlaug Kjelstad var og informerte om planarbeidet i fylkeskommunen.

I dette møte vart Aud Karin Netland valt som fylkesrådet for eldre sin representant i brukarutvalet i Sogn og Fjordane.

Handlingsplanen til fylkesrådet for eldre 2016 – 2019, vart vedteken på dette møte.

Fylkesrådet for eldre vedtok uttalar til fylgjande skar i dette møte (sjå vedlegg):

- Innspel til regional transportplan



Informasjon om regional planlegging frå Annlaug Kjelstad i planavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune

1. juni var møte på Leikanger, der helse- og sosialsjefen i Lærdal kommune, orienterte i starten av møte om prøveprosjektet ekstra måltid på Lærdal bu- og omsorgsheim, og korleis detta har påverka nattesøvnen til bebuarane på ein positiv måte.

I møte vedtok fylkesrådet for eldre uttalar til fylgjande saker (sjå vedlegg):

- Innspel til økonomiplanen 2018 – 2021
- Høyringa om forskrift om rett til sjukeheimslass i Naustdal kommune
- Manglande gateadresser i Sogndal kommune
- Høyringa om forskrift om rett til sjukeheimslass i Gauldalen kommune



Informasjon om prøveprosjekt i Lærdal kommune om ekstra måltid, der kommunalsjef Arne Johansen orienterte.

21. september var møte i fylkesrådet for eldre ved Stryn vidaregåande skule, der det var omvising og informasjon v/ Johanne Elisabett Sørdal og Liv Elisabet Rygg, i visningsleilegheita innan velferdsteknologi. Velferdsteknologi er eit samarbeidsprosjekt mellom Stryn (helse og oppvekst) og Eid (dataelektronikar) vidaregåande skule, Energikompetanseprosjektet på Eid, og fleire andre samarbeidsaktørar, med opplæring knytt til velferdsteknologi.

I møte vedtok fylkesrådet for eldre uttalar til følgjande saker (sjå vedlegg):

- Opprop om nettleige til stortingsbenken i Sogn og Fjordane
- Pasienten si legemiddelliste
- Innspel til planlegging av rutetilbodet frå 25. juni 2018
- Aldersgrense for kreftbehandling



Omvising i opplæringsleilegheita ved Stryn vidaregåande skule

29. november var møte på Leikanger der følgjande var å orienterte:

- Eli Anne Wangen frå Fylkesmannen orienterte om pasientbehandling på demensavdelingar, og korleis stoda er for dette her i fylket
- Vidar Øvrebø og Cecilie Solvang orienterte om regelverket og organiseringa kring pasientreiser

I møte vedtok fylkesrådet for eldre uttalar til følgjande saker (sjå vedlegg):

- Uttale til fylkestannlegen
- Høyringsuttale til handlingsplan for trafikktrygging
- Høyringsuttale til planprogram regional plan for kultur



Informasjon frå Eli Anne Wangen frå Fylkesmannen om pasientbehandling på demensavdelingar i fylket.

Deltaking i andre råd, utval, kurs og konferansar

- Studietur 3. – 7. april 2017 til Danmark, saman med fylkeseldreråda i Hordaland og Rogaland. Studieturen var eit samarbeid mellom fylkesråda for eldre i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Fylkesrådet for eldre i Rogaland planla og sett opp program for turen. Målet med turen var å sjå korleis eldre har det i Danmark og få informasjon om rehabilitering, korleis det er tilrettelagt på pleieheimar, kultur- og fritidstilbod, samferdsle, eldre- og helsepolitikk, velferdsteknologi og medverknad. Det har vore ein tradisjon at fylkesrådet for eldre har reist på studietur ein gong i fireårsperioden. Erfaringane med desse studieturane har vore positivt både fagleg, og når det gjeld vidare arbeid i fylkesrådet for eldre. For meir informasjon om studieturen kan de lese rapporten som ligg på heimesida til fylkeskommunen her: [Rapport studietur april 2017](#)
- Landskonferansen 22. – 24. mai 2017 i Ålesund, der Harald og Anna Sofia deltok på konferansen. Det var fyljande tema på konferansen: kva seier forskinga om dei eldre og fungering i kvardagen, korleis møte eldrevksten i kommunane, nytt frå statens seniorråd, museumsdrifta i Møre og Romsdal, bustad og tenester for eldre.
- Leiar Harald Ekroll møtte på konferanse i Stryn om velferdsteknologi
- Regional plan for kultur, der leiar Harald Ekroll møtte på dialogmøte i Førde 23. august
- Leiar Harald Ekroll deltok på eldrerådsdagen i Askvoll 1. oktober, og orienterte om fylkesrådet for eldre og eldrerådsarbeid
- Fellesmøte for eldreråda i Nordfjord, der Aud Karin Netland deltok
- Kristoffer Skjolden er for inneverande periode valt inn som fylkesrådet for eldre sin representant i det regionale brukarutvalet for Helse Vest
- Aud Karin Netland er valt som fylkesrådet for eldre sin representant i brukarutvalet i Sogn og Fjordane

Vedlegg – uttalar frå fylkesrådet for eldre

Innspel til regional transportplan

Fylkesrådet for eldre har i 2016 jobba med å få på plass ein handlingsplan for fylkesrådet, og i denne handlingsplanen har fylkesrådet for eldre nemnt følgjande som vi ynskjer å prioritere i perioden 2016 – 2019:

- Gang og sykkelveg
- Veglys
- Universell utforming, t.d. av busstopp m.v.
- Rassikring

3.5.1. (ev 4.4.1.) Demografi

Planen må ta omsyn til at ein stadig aukande del av befolkninga er eldre- og ikkje knytt til arbeidsrelatert transport.

Dei "eldre" har stadig aukande alder og held seg lenger friske og i aktivitet. Det vil derfor vere ein del transportbehov som må tilpassast dei eldre i større grad enn planen ser ut til å legge opp til.

Det er ein del eldre som bur i områder der det ikkje er bussruter framleis. Det er kun skuleruter som går. Løysinga kan vere å bruke mindre bussar og meir fleksible ruter, slik som for eksempel samleruter til ferje, butikk og senter, til andre ruter som tog, ekspressbussar og båtar.

3.2.2. Offentlege tenester/institusjonar

Det er lagt opp til endringar i kommunar/regionar som kan føre til større avstand mellom offentlege tenester som brukarane har behov for.

Vi er av den oppfatning at dette vil føre til sentralisering av tenester. Dette må òg vise igjen i planen.

Med omsyn til ruteproduksjon, så fører den fylkeskommunale økonomien til at det sannsynlegvis vil bli nedskjeringar av offentlege ruter, òg i framtida. Kva ein då skal prioritere vert då viktig. Hittil har det vore slik at det er rutene i grisgrendte strok som har vorte lagt ned. Dette er område som ofte er busett av eldre som sjølv ikkje kører bil, og dette gjev stadig større utfordringar.

Fylkesrådet for eldre meiner at ein ikke kan legge til grunn kostnadseffektivitet i utkantane.

Serviceskyssen kan bøte på nokre av problema som oppstår, men langt frå alle. Det er også avgrensa med midlar i høve til å kunne utvide dette tilbodet.

Med dei reduksjonane som skjer i offentlege rutetilbod er vi med på å isolere dei eldre. Vi er oppteken av at dei i større grad skal delta saman med andre i ymse høve.

4.1.3. Gang- og sykkelvegar

Det må vere fokus på universell utforming av fortau, gangveg, kryssing av veg/gate og lys, sidan universell utforming gjer det tryggare for eldre, rørslehemma og dei andre "mjuke" trafikantane å ferdast.

Ved bygging av nye vegar meiner fylkesrådet for eldre at det må vere sjølvsagt at det vert planlagt og bygt gang- og sykkelveg samstundes. Det same gjeld for veglys i områder der det bur folk.

Vi er av den oppfatning at det er ein del busstopp som ikkje er universelt utforma, og som òg kan vere trafikkfarlege. Desse busstoppa meiner vi bør kartleggast og utbetrast snarast.

4.4.1. Ruteproduksjon med buss og båt

I ei tid med aukande digitalisering, kan dette vere ei utfordring for ein del brukarar. Ved elektroniske bestillingsordningar, anten det gjeld buss-/båtbillettar, drosje eller servicetransport, må det leggast opp til brukarvenlege system. Ved endring i ruter må dette òg vere lett tilgjengeleg informasjon for alle, og den må kunngjerast i god tid før endring.

Vi ser at det er ei utfordring for dei av dei eldre som ikkje deltek i den elektroniske utviklinga som fell utanfor, slik som ordninga av tinging av elektroniske bussbillettar (på ekspressbussen), og å leite fram rutetider.

Anna

Beredskap når Måløy-brua er stengd, ved at det er ynskje om ferjeleie på Deknepollen-sida, slik at det kan nyttast ambulanse eller anna transport for å kome til sjukehus når brua er stengd, og vêret er slik at helikopter ikkje kan ta seg fram.

Innspel til økonomiplanen 2018 - 2021

- I alt plan- og omstellingsarbeid må det leggast vekt på at dei mest sårbare gruppene ikkje vert spesielt hardt råka*
- Folkehelseperspektivet må ha høgt fokus. Det må leggast til rette for å ta gode val og styrke folkehelsa*
- I planarbeidet med nye fylkesvegar må det også planleggast gang/sykkelvegar. Busstopp må utformast universelt og det er framleis ein del eksisterande stopp som er direkte trafikkfarleg plassert og må byggast om eller flyttast*
- Rassikringstiltak må ha høg prioritet for å gjøre kvardagen betre for brukarane*
- Ved ruteendringar eller rutekutt vert som regel utkantane råka. For å kompensere for problema som oppstår, må serviceskyssen byggast vidare ut for å kompensere for bortfall av ruter. Det må vurderast å innføre ei ordning med «bestillingsskyss». Mange i utkantane har problem med å knytte seg til ekspressruter grunna mangel på tilførselsruter. Ei ordning med «bestillingsskyss» kan løyse slike problem*

Høyringsuttale til Naustdal kommune om forskrift om rett til sjukeheimspllass

Fylkesrådet for eldre er positive til at Naustdal kommune vedtek retningslinjer for korleis kommunen skal handtere spørsmål kring ventelister for langtidsopphald.

Det er viktig at pasientar og brukarar på ventelister vert vurdert fortløpande, då sjukdomsbiletet ofte endrar seg raskt i desse aldersgruppene. Det må vere ei vurdering av alle brukarar som er innanfor kriteria når plassar skal tildelast. Ventelister og vurderingsprosessar må heile tida vere «levande» opp mot den enkelte brukaren sin helsetilstand og behov for omsorgstenester.

Dei som er kvalifisert til langtidsopphald på sjukeheim, bør få plass på sjukeheim straks.

Det bør òg vurderast i kva grad kommunen nyttar omsorgsbustader med heildøgnstilsyn, opp mot tilbod om fullverdige sjukeheimspllassar. Sjølv om omsorgsbustader med heildøgnstilsyn er eit godt og rett tilbod for mange, må kommunen ha tilstrekkeleg tal sjukeheimspllassar utifrå normtal for dette, for å gje eit godt nok samla tilbod til brukarane

Høyringsuttale til Gaular kommune om forskrift om rett til opphold i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskild tilrettelagt for heildøgnstenester

Fylkesrådet for eldre er positive til at Gaular kommune vedtek retningslinjer for korleis kommunen skal handtere spørsmål kring ventelister for langtidsopphald.

Det er viktig at pasientar og brukarar på ventelister vert vurdert fortløpande, då sjukdomsbiletet ofte endrar seg raskt i desse aldersgruppene. Det må vere ei vurdering av alle brukarar som er innanfor kriteria når plassar skal tildelast. Ventelister og vurderingsprosessar må heile tida vere «levande» opp mot den enkelte brukaren sin helsetilstand og behov for omsorgstenester.

Dei som er kvalifisert til langtidsopphald på sjukeheim, bør få plass på sjukeheim straks.

Det bør òg vurderast i kva grad kommunen nyttar omsorgsbustader med heildøgnstilsyn, opp mot tilbod om fullverdige sjukeheimspllassar. Sjølv om omsorgsbustader med heildøgnstilsyn er eit godt og rett tilbod for mange, må kommunen ha tilstrekkeleg tal sjukeheimspllassar utifrå normtal for dette, for å gje eit godt nok samla tilbod til brukarane.

Uttale om manglante gateadresser i Sogndal kommune

Fylkesrådet for eldre viser til brev frå eldrerådet i Sogndal kommune, om manglante gateadresser i Sogndal kommune. Fylkesrådet meiner dette er eit viktig arbeid for kommunen å prioritere, sidan ei presis adresse er ein føresetnad for at ambulanse og andre utrykkingskøyretøy skal kunne finne fram raskt.

Opprop til stortingsbenken for Sogn og Fjordane om nettleige

Fylkesrådet for eldre har fått opprop frå ulike eldreråd rundt om i kommunane i fylket, og pensjonistforbundet, og støttar kravet om lik nettleige i heile landet. Dagens ordning slår skeivt ut for folk i mindre folketette område som må betale meir enn andre. Fylkesrådet krev at myndighetene snarleg syter for at nettleiga vert lik, uansett kva område straumbrukarane bur i.

Uttale om pasientens legemiddelliste

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane støttar hensikta og ser nødvendigheita med å lage ei legemiddelliste for pasientar, men det er viktig med digital sikkerheit, slik at uvedkommande ikkje får tilgang til sensitive data. Det er viktig at pasientane får medisinen som dei treng.

Det bør vere gode rutinar for å informere brukarar om at dei kan reservere seg mot å stå på legemiddellista, òg i høve til kven som skal få innsyn til deira liste. Pasienten eller pårørande bør få ha kontroll med kven som har tilgang til legemiddellista.

For eldre som ikkje sjølve kan gå inn og finne opplysningar om si liste, bør dei få hjelp til å få ut opplysningane på papir. Fastlegen bør vere den naturlege hjelparen.

Fastlegen bør ha hovudansvaret for innhaldet og oppdateringa av legemiddellista, og han bør ta i vare at pasienten ikkje får, eller går på medisinar med unødvendige interaksjonar.

Elles er det viktig at pasienten sjølv er ansvarleg og melder frå om han brukar diverse naturpreparat, sidan fleire av desse kan ha uheldig verknad på ein del vanlege legemiddel.

Innspel til planlegging av rutetilbodet frå 25. juni 2018

Folk i utkantane må ha krav på eit tenleg tilbod. Det er viktig at utkantane ikkje mister det siste kollektivtilbodet som er, sidan det allereie er få transportmoglegheiter i desse områda. Serviceskyssen må vere ein erstattar for lokale ruter som vert lagt ned. Tilboden om serviceskyss bør vidareutviklast.

Vedlikehaldet på gang- og sykkelvegar må vere godt nok når det gjeld brøyting og strøing, sidan dette er viktig for alle aldersgrupper, og det er eit godt folkehelse tiltak. Busstoppa må vere på stader der ein kan ivareta universell utforming.

Fylkesrådet for eldre har fått mange brev om at det er vanskeleg å finne fram i opplysningar om ruter. Fylkesrådet for eldre krev at det vert utarbeida ei nasjonal ruteopplysingsside, slik at det vert enkelt å finne ruter som kryssar fleire fylkesgrenser.

Aldersgrense for kreftbehandling

Fylkesrådet for eldre har registrert og motteke brev om 75 års aldersgrense for kreftbehandling.

Levealderen i Norge går oppover og gruppa eldre er dermed stigande. Andelen av eldre som har god helsetilstand og god livskvalitet er og aukande. Ved vurdering av behandling ved alvorlege sjukdomstilhøve som til dømes kreft, bør det i større grad nyttast skjønn opp mot pasientens generelle helsetilstand og utsikt til livskvalitet over tid. Ei generell handsaming av ei 75 års grense for kreftbehandling svarar ikkje til det Norske velferdssamfunnet sitt verdigrunnlag opp mot gruppa av eldre menneske.

Retningslinjene med aldersgrense for å ta i mot kreftbehandling må gjennomgåast og mjukast opp for å gje eldre menneske i Norge naudsynt helsehjelp.

Uttale til fylkestannlegen

I saksframlegget til fylkestinget 14. juni 2016, står det m.a. at «innbyggjarane skal ha likeverdige tenester i høve til gjenge og kvalitet, og tilboden skal gjevast med ein effektiv ressursbruk og i tråd med prinsippet om tenester på best eigna omsorgsnivå.» Under punktet om kva det vert lagt vekt på i den framtidige klinikks- og tenestestrukturen skal oppfylle av krav, står det i eine kulepunktet: «eit godt samarbeid med kommunane om etablering av undersøkingsrom og enkle behandlingseininger knytt til kommunehelsetenesta».

Fylkesrådet for eldre er kjent med at bekymringsmeldinga er handsama i eldrerådet i Gauldalen, og sendt til fylkestannlegen. Fylkesrådet for eldre har ynskje om informasjon fra fylkestannlegen om korleis tannhelsetenesta fungerer i praksis etter endringa av klinikksstruktur ut mot brukarane, og då spesielt dei eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.

Høyringsuttale til handlingsplan for trafikktrygging

Satsingsområde: trafikksikker kommune:

- Det må leggast vekt på dei eldre sine ynskje og behov, og difor må universell utforming ivaretakast
 - Utbygging av gang- og sykkelvegar må ha høg prioritet. Det bør vere god lyssetting, og då spesielt ved fotgjengarovergangar
 - Fylgje opp brøyting og strøing av alle vegar inkludert gang- og sykkelvegar
- Serviceskyssen må få auka ressursar og utviklast vidare i samband med at ruter i utkantane vert lagt ned. Tilrettelagt transport på andre måtar er òg eit alternativ. Kommunane bør få informasjon om tilboda på ein god og oversiktleg måte, og få opplyst om kva som vert krevd av dei for å kunne nytte tilboda
- Midtdelar på vegane bør kunne byggast oftare, sidan dette er eit godt tiltak mot møteulykker

Satsingsområde: trafikkåtfred:

- Haldningsskapande arbeid er viktig og må vere ein kontinuerleg prosess frå dei yngste til dei eldste. Opplæringa må tilpassast dei ulike aldersgruppene og dei ulike formene for trafikkantar. Haldningar i trafikken er like viktig som den tekniske opplæringa i køyreopplæringa. Trening og kursing av dei eldste bilførarane må kunne intensiverast i regi av Statens vegvesen
- God overvaking av trafikken er viktig, og eit av tiltaka er synleg politi. Ruspåverka køyring, fart og køyreatferd må fylgjast opp
- Kampanjar retta mot ulike aldersgrupper og på skulane er viktig

Høyringsuttale til regional plan for kultur

- *Det er viktig med medverknad i planarbeidet, der frivillige og brukarane vert involvert*
- *Det bør vere samarbeid med institusjonane i samband med planlegging og gjennomføring av kulturtiltak. Vi tenker då spesielt samarbeid med helse- og omsorgsinstitusjonar*
- *Planarbeidet bør sjåast i samanheng med den regionale planen for folkehelse*
- *Det er viktig å bygge opp, og støtte opp under ulike kulturarenaer og møteplassar rundt om i fylket*
- *Det er bra at biblioteka er nemnd i denne samanhengen, sidan dette er møteplassar rundt om i kommunane, for alle aldersgrupper. Vi ser det som positivt at dette er møteplasser på tvers av alders- og brukargrupper*
- *Den kulturelle spaserstokken er ikkje teke med under oversikta for dei nasjonale føringane, men vi reknar med at dette er ordning som held fram*

Uttale frå dei tre fylkeseldreråda i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland om tannhelse

Fylkeseldreråda på Vestlandet; Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane var samla til møte i Aalborg 6. april 2017 og uttalar uro over den framlagde proposisjonen med nye oppgåver til kommunane og forslaget om at kommunane skal overta tannhelsetenesta.

Etter å ha vore på felles studietur i Aalborg ser fylkeseldreråda nytten av at det er tilgjengelig lokalt tannhelsetilbod som til dømes kan ambulere i heimar for å gi enkel konsultasjon med vurdering av tannhelsestatus, tilby behandling i klinik, og gi råd om å forebyggje tannhelseproblem.

Fylkeseldreråda vil likevel åtvare mot at ansvaret for tannhelsetenesta vert flytta til den einskilde kommune. Det er sannsynlegvis få kommunar som er robuste nok til å sikre eit kvalifisert og forsvarleg tilbod. Det kan bli ulikt i helsetilbod og tilgjenge av særleg behandling til særskilte grupper, kan bli dårligare.

Fylkeseldreråda på Vestlandet ber om at organiseringa av tannhelsetenesta vert vurdert grundig og at ein vurderer alle problemstillingar.

God tannhelse og nødvendig tannhelsetilbod er veldig viktig folkehelsearbeid, ikkje minst for eldre.



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
57 63 80 00
post@sfj.no
www.sfj.no

Framsidefoto: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem